

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 09.09.2022

SAKSHANDSAMAR: Haldis Økland Lier

SAKA GJELD: **Nasjonale kvalitetsindikatorar og kvalitetsregister**

STYRESAK: 60/22

STYREMØTE: 29.09.22

0 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering.

Bakgrunn for saka

Helsedirektoratet er ansvarleg for utvikling og offentleggjering av dei nasjonale kvalitetsindikatorane for helse- og omsorgstenestene. Ein kvalitetsindikator er ein peikepinn som seier noko om kvaliteten på det området som vert målt. Det blir publisert resultat på eit utval av kvalitetsindikatorar kvart tertial.

Dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra samlar på ein strukturert måte medisinske opplysingar om utgreiing og behandling av ei avgrensa gruppe av pasientar. Rapportane frå kvalitetsregistra er for heile året. Dette gir større datagrunnlag og mindre tilfeldige variasjonar.

Å vera open om kvalitet er viktig for både pasientar og helsetenesta. Ved hjelp av indikatorane får pasientane informasjon om kvalitet i helsetenesta og helsetenesta nyttar dette i kontinuerleg forbetningsarbeid.

Kvalitetsindikatorar

Nasjonalt kvalitetsindikatorsystem tek utgangspunkt i definisjon av kvalitet frå kvalitetsstrategien til Helsedirektoratet frå 2005.

Her er tenester av god kvalitet definert som:

- God verknad
- Trygge og sikre
- Involverer brukar
- Samordna og kontinuitet i tenesta
- Utnyttar ressursane
- Tilgjengelige og rettferdig fordelt

I mai 2022 var det totalt 188 Nasjonale kvalitetsindikatorar (NKI).

5. mai 2022 publiserte Helsedirektoratet resultatata frå 79 av 188 NKI for tredje tertial 2021 og heile året 2021. 15. september 2022 blir det publisert eit utval kvalitetsindikatorar for første tertial 2022. I juni 2022 publiserte dei fleste medisinske kvalitetsregistra sine årsrapportar for 2021.

Nokre døme:

Nasjonalt kvalitetsregister for tykk- og endetarmskreft:

- Helse Fonna har god rapportering til registeret. For utredningsmeldingane var det dekningsgrad på 87,8% ved Haugesund sjukehus, og 78,6% for Stord sjukehus, for kirurgimeldingane var dekningsgraden 92,4%.
- Endetarmskreft:
 - Andel opererte med kikkholskirurgi (laparoskop) var i Helse Fonna 65,4%, nasjonalt 83,9%, og målet er over 60%

- Fem års relativ overlevelse etter diagnose var i Helse Fonna 71,8%, nasjonalt 73,5%, og målet er over 68%
- Andel med fjernmetastaser fem år etter operasjon i Helse Fonna 25,5%, nasjonalt 19,5% og målet er under 20 %
- Tjukkarmskreft:
 - Andel opererte med kikkholskirurgi (laparoskopi) var i Helse Fonna 71,1%, nasjonalt 75,1%, og målet er over 60%
 - Fem års relativ overlevelse etter diagnose var i Helse Fonna 71,9%, nasjonalt 71,9%, og målet er over 68%
 - Andel med fjernmetastaser fem år etter operasjon i Helse Fonna 13,3%, nasjonalt 14,0% og målet er under 15%
- Registeret starta rutinemessig innsamling av pasientrapporterte erfarings- og utkomme mål i 2021, det er 29,3 % av aktuelle pasientar som har svart frå Helse Fonna (N=12). Alle svara at dei var svært fornøyd eller ganske fornøyd med behandlingstilbodet.

Hjerneslagsregisteret:

- Det er stor variasjon i dekningsgrad for innrapportering til registeret. Helse Fonna har to av tre sjukehus nasjonalt med lav måloppnåing på dekningsgrad. Dette gir meir usikre resultat på kvalitetsindikatorane.
- Andelen som får trombololyse er 21% ved Haugesund sjukehus, 28 % ved Stord sjukehus og 42% ved Odda sjukehus. Nasjonalt er denne andelen 20%. Ein ser at sjukehus med trombololyseandel over 25% har ein høgare andel med svært lette symptom som får trombololyse. Her er kunnskapsgrunnlaget for effekt meir usikker.

Fagdirektør møter i styremøtet og vil gå gjennom eit utval av indikatorane.

Lenke til Helsedirektortatet si side med oversikt Helse Fonna sine indikatorar:

[Helse Fonna HF - Helsedirektoratet](#)

Oversikt over årsrapportar frå dei medisinske kvalitetsregistra:

<https://www.kvalitetsregistre.no/registeroversikt>

Resultat på kvalitetsindikatorar registra har presentert for kvart sjukehus/føretak:

<https://www.skde.no/kvalitetsregistre/alle/sykehus>